

Når kjem dei neste 900 asfaltmeter?

27.06.2015



Når kjem dei neste 900 meter?

Oppsittar Møyfrid Kristoffersen bad om samordning av asfalteringa øvst i dalen for stutt tid sidan, slik at også dei siste 900 kommunale meter kunne rustast opp. Det var den siste strekninga fram til Friheim frå Musland. Som venta vart ho ikkje bønøyrd, og asfalteringa innskrenka seg til den fylkeskommunale biten. Difor er ikkje noko skjedd med den kommunale delen sjølv om den knapt er køyrande - for å sitera Møyfrid.
Når skjer det så noko meir?

Oppsittarane fryktar at det tek si tid, kanskje mange år- hvis ikkje lokale politikarar med handlekraft grip inn...Dei eksisterer vel framleis??

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen



Det nye svarte teppet vart fint, her ved Musland nedre